

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til høyring om riving av dam Trollkjelen, Vaksdal kommune

NVE har sendt ut på høyring ein søknad frå Småkraft AS om riving av dam Trollkjelen i Vaksdal kommune, og ber i ei høyring om synspunkt på dei planane som ligg føre. NVE ber i høyringa om at det i fråsegna frå fylkeskommunen vert lagt vekt på forvaltingsplanar, kulturminne og friluftsliv. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har handsama saka som regionalt kulturminnemynde, og har vurdert saka ut frå omsynet til kulturminneinteresser.

Kva saka gjeld

Våren 2020 tok NVE i mot melding frå Småkraft AS om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for riving av dam Trollkjelen i Vaksdal, og bad i ei avgrensa høyring mottakarane om å vurdere om kjende allmenne interesser kunne verte påverka, og i tillegg om å vurdere tiltaket opp mot sine sektorlover. Vestland fylkeskommune vurderte at omsynet til kulturminneverdiane ikkje vart tilstrekkeleg ivareteken slik saka låg føre, og rådde til at det vart utført ei meir grundig utgreiing og vurdering, både kva gjeld kulturminne, kulturmiljø og kulturminneverdiar, og mogelege sikringstiltak som ikkje inneber riving av dammen. Vi rådde òg til at dam Trollkjelen vart vurdert ut frå det samanhengande kulturmiljøet; Vaksdal Mølle og krafttilførsel til denne. På bakgrunn av informasjonen fylkeskommunen hadde fått tilsendt i saka, rådde vi i frå at det vert gjeve løyve til riving av dammen. Vidare skreiv vi at då kulturmiljøet knytt til Vaksdal Mølle har høg regional verdi og er av nasjonal interesse, vil fylkeskommunen vurdere om anlegget eventuelt bør fredast med heimel i kulturminnelova om integriteten til anlegget vert truga.

Ut frå fråsegnene som NVE fekk inn, konkluderte NVE med at det var trong til ei konsesjonshandsaming av søknaden, og bad søkar tilleggsinformasjon med nye og/ eller grundigare undersøkingar i følgjande kapittel i konsesjonssøknaden: 3.1 Hydrologi, 3.4 Kulturminne og kulturmiljø og 3.7 Brukarinteresser. Ein revidert konsesjonssøknad av 01.09. 2020 er no sendt inn av Småkraft AS. NVE vil vurdere sjølve fjerninga av dammen og kva følgjer dette kan ha.

Søkar har i den reviderte konsesjonssøknaden fått utarbeidd ein hydrologirapport frå SWECO, som tek føre seg kva ein må forvente av flaumfare og transport av sediment dersom Dam Trollkjelen vert lagt ned og fjerna. Rapporten endrar ikkje søkar si vurdering tiltaket sin verknad for miljø, naturressursar og samfunn.

Vidare har søkar i den reviderte konsesjonssøknaden fått utarbeidd ei analyse av dammen som kulturminne, utarbeidd av Historikarverksemda. På bakgrunn av den analysen blir kulturminne og kulturmiljø av søkar no vurdert å ha «lokal og nasjonal interesse» (m.a. side 3).

Medan det i kapittel 3.4 i den førre konsesjonssøknaden vart vurdert at kulturminne og kulturmiljø var av lokal, liten verdi, omfanget var lite negativt, og konsekvensen var ingen til liten negativ, er dette i den reviderte konsesjonssøknaden justert til: Kulturminne og kulturmiljø er i søknaden vurdert å vere av lokal og nasjonal middels verdi, omfanget er vurdert som middels negativt, og konsekvensen er vurdert som middels negativ.

I analysen av dammen som kulturminne skriv Historikarverksemda:

«Det er vår vurdering at ei nedlegging/fjerning av damanlegget vil vere uheldig for historieformidlinga i framtida, og vil også svekke mølleanlegget som heilskapleg kulturminne. Det er også vår vurdering at Trollkjelen dam ikkje kan sjåast som ei separat eining, men ein integrert del av kulturmiljøet Vaksdal Mølle.

(...)

Vaksdal Mølle inkludert Trollkjelen dam er både av lokal og nasjonal interesse som kulturminne og -miljø. Industrihistoria her må sjåast i samanheng med industrietablering andre stader på Vestlandet -som til dømes Arne Fabrikker og Dale Fabrikker. To av fleire fellesnemnarar for desse verksemdene var 1) Tilgang til vasskraft og plassering like ved vasskjelda, og 2) Nærleiken til Bergen som eit viktig handelssentrum. Samtidig utgjer Vaksdal Mølle-anlegget også ein særskild viktig del i forteljinga om utviklinga av Vaksdal som bygdesamfunn i nyare tid. Nasjonalt utgjer mølleanlegget eit viktig element i norsk industrihistorie på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet, og blir i kulturhistorisk samanheng rekna som ei av dei viktigaste møllene i Noreg. Vaksdal Mølle inkludert Trollkjelen dam er særskilt interessant, fordi 1) anlegget har bygningar og andre industrielle/tekniske installasjonar frå ulike tidsepokar som saman fortel ei viktig utviklingshistorie, og 2) Vaksdal Mølle er framleis i drift, og utgjer eit levande kulturmiljø» (side 47 og 49 i konsesjonssøknaden).

Det blir i den reviderte konsesjonssøknaden nemnt at dammen er inkludert som del av kulturminnet Vaksdal Mølle i kulturminnedatabasen Askeladden. Samstundes blir det peika på at dammen i kommuneplanen sin arealdel ikkje ligg innafor H570 omsynssone bevaring av kulturmiljø (m.a. side 10), noko som òg blir nemnt i analysen frå Historikarverksemda.

I den samla vurderinga av tiltaket, i kapittel 3.8 i den reviderte konsesjonssøknaden, skriv søkar mellom anna:

«Samlet konsekvens av tiltaket vurderes dels som ubetydelig, dels som noe positiv bortsett fra kulturminneaspektet og lokal interesse der tiltaket vil ha negativ konsekvens.

(...) Forholdet er således at de som har glede og nytte av dammen er uten forpliktelser, verken økonomisk eller administrativt for dammens tilstand og sikkerhet. De som har slikt ansvar - Småkraft AS - har verken nytte eller glede av dammen. For Småkraft representerer derfor dammen et ansvar og kostnad så lenge den blir stående, inklusiv en kostbar oppgradering der omfang og kostnad ikke er kjent pr i dag.

Småkrafts primære mål er ikke i seg selv fjerning av dammen, men å frigjøre seg fra ansvar og kostnader. Om dem som har nytte og glede av dammen vil overta den, vil dette være til glede for alle parter» (side 16).

Dam Trollkjelen som kulturminne

I ny Stortingsmelding om kulturminne, av 17.april 2020, legg Stortinget opp til eit forsterka fokus på kulturmiljø i kulturminnemyndet sitt arbeid framover. Det er starta opp fleire registreringsprosjekt for å leve opp til Stortinget sine forventningar. Direktoratet for kulturminneforvaltning, Riksantikvaren, har i sitt forventningsbrev for 2020 til regionalforvaltninga understreka at det skal utarbeidast regionale oversikter over kulturmiljø av regional og nasjonal interesse. Det er også forventa at regionalforvaltninga utarbeider oversikt over tekniske og industrielle kulturmiljø av regional og nasjonal interesse. Parallelt med dette har NVE igangsett forprosjekt rullering av listeføring av kulturminne i sitt ansvarsområde, med Riksantikvaren, Rogaland og Vestland fylkeskommune som deltakarar. Målet med NVE sitt prosjekt er å rullere listeføringa, og utarbeide strategiar for korleis desse krevjande kulturminna kan forvaltast.

Vaksdal er lokalisert som kulturmiljø av nasjonal interesse i alle desse registreringane, om prosjekta er i tidleg fase. I arbeidet med NVE sitt forprosjekt er Vaksdal Mølle spelt inn som eit av kulturmiljøa der det er knytt nasjonale og regionale kulturminneinteresser, jf. vårt brev til NVE av 16.07. 2020. Dam Trollkjelen er eit nøkkelelement i dette kulturmiljøet. Prosjektet skal til å ta fatt på arbeidet med å utarbeide strategiar for korleis slike kulturmiljø best kan forvaltast.

Dam Trollkjelen vart etablert om lag 1880, som eit inntaksmagasin for vasskraft til mølla, først ved direkte-drift, seinare ved elektrisk kraft. Dammen er eit av dei eldste spora etter drifta ved mølla, og fortel ei viktig industriell og teknisk utviklingshistorie. På tida då Vaksdal Mølle vart etablert, måtte fabrikkane både plasserast nær transportåra, den isfrie fjorden, og energikjelda; elva eller fossefallet. Med sin nærleik til fabrikkkanlegget formidlar Dam Trollkjelen dam ei viktig og godt synleg historie om dåtida sin teknologi.

Vurdering

Vaksdal Mølle er av regional og nasjonal interesse som kulturmiljø. Inntaksmagasinet til mølla må sjåast som ein del av kulturmiljøet knytt til mølla, og som ein viktig føresetnad for industrianlegget. Dammen er dermed òg viktig i høve til utviklinga av tettstaden Vaksdal og mølleindustrien på Vestland. Vi vurderer at dammen har høg kulturminneverdi i seg sjølv, og at riving av den vil ha stor negativ konsekvens for kulturmiljøet Vaksdal Mølle, då det vil redusere kunnskaps- og opplevingsverdiane.

Etter vårt syn er avgjerdsgrunnlaget i den reviderte konsesjonssøknaden på eit for omtrentleg nivå. Framstillinga av tilstand, kostnader, kulturminneverdi og konsekvens er ikkje klar. Når regionalt kulturminnemynde har fastslått nasjonal og regional kulturminneinteresse, som formidla i fylkeskommunen sitt brev av 14.05. 2020, er det framlagte kunnskapsgrunnlaget etter vår vurdering ikkje eigna til å gjere vedtak i saka. Vi rår til at saka vert send tilbake, og at kostnader, tilstand og konsekvens vert godt nok utgreidd til at alle berørte organ kan få gjort kunnskapsbasert avgjerd i saka.

Vi rådde i vårt førre fråsegn til at det vart utgreidd mogelege sikringstiltak som ikkje inneber riving av dammen. Det er i den reviderte konsesjonssøknaden lagt til eit kort kapittel 2.5 Alternativ til riving. Her blir det peika på at det er lokal interesse for å ta vare på dammen, og at søker har gitt kommunen tilbod om å overta damanlegget, førebels utan å ha fått svar. Vi kan elles ikkje sjå at det i den reviderte konsesjonssøknaden ligg føre noko utgreiing av mogelege sikringstiltak som ikkje inneber riving av dammen.

Når vi har gjort kjent nasjonale kulturminneinteresser, bør alternativ til riving krevjast vurdert. Her kan det også samrådest mellom partane. Så langt har hastig saksgang og mangelfullt saksgrunnlag ikkje opna for at Vestland fylkeskommune har kunna bidra med konstruktive framlegg. Vi ser det som positivt at tiltakshavar har søkt å finne ei løysing med Vaksdal kommune, om enn initiativet ikkje ser ut til å ha ført fram. Dersom fleire partar får delta i ein slik dialog, meiner vi det kan vere mogleg å finne ei løysing, og Vestland fylkeskommune tek gjerne del i ei brei samråding.

Vassressurslova § 24 gir dei same organ som har motsegnrett etter plan- og byggelova, klagerett på konsesjonsvedtak etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Reglane om motsegn i plan- og bygningslova §§ 5-4 til 5-6 gjeld så langt dei passar for søknader om konsesjon til kraftproduksjonsanlegg. Vestland fylkeskommune som kulturminnemynde kan fremme motsegn i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning, eller som av andre grunnar er av vesentleg betydning for vårt saksområde.

Vestland fylkeskommune kan også gjere vedtak om mellombels freding etter kulturminnelova. Eit slikt vedtak kan fattast i tilfelle der det ligg føre eit konkret trugsmål mot eit kulturminne av nasjonal verdi, eller for å sikre eit kulturminne inntil det vert avgjort om det skal førast fram fredingssak.

Tilråding og konklusjon

Dam Trollkjelen har regional og nasjonal kulturminneinteresse som del av kulturmiljøet Vaksdal Mølle. Riving av dam Trollkjelen vil ha stor negativ konsekvens for dette kulturmiljøet. Vi rår til at NVE ikkje gjer vedtak i saka, men ber om/ rår til at avgjerdsgrunnlaget vert sendt tilbake for tilstrekkelege utgreingar. Vestland fylkeskommune tek gjerne del i samrådingar for å finne løysingar.

Dersom det vert gjort vedtak om riving i saka, vil Vestland fylkeskommune vurdere å klage på vedtaket, jf. vassdragsressurslova § 24. Vestland fylkeskommune vil også vurdere å gjere vedtak om mellombels freding etter kulturminnelova § 22.4.

Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for vurdering av klage og for vurdering av mellombels freding av Dam Trollkjelen.

Sakshandsamarar: Helene Moe, Ole Vegard Skauge, David J. Aasen Sandved

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift